

**Sakshandsamar:**
 Lars Erik Lunde  
 E-post: lars.erik.lunde@sfj.no  
 Tlf.: 57638102
**Vår ref.**
 Sak nr.: 15/8734-34  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
**Internt l.nr.**

25768/18

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 11.05.2018

**Notat**

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, møte 31. mai 2018

**Kopi til:** Hovudutval for samferdsle, møte 30. mai 2018

## Ferjeavløysing for Atløysambandet - oppdatering av økonomiske konsekvensar

Fylkesrådmannen syner til notat til fylkesutvalet sitt møte 22.11.2017, der det vart presentert økonomiske konsekvensar av ferjeavløysing for Ytre Steinsund og Atløysambandet.

I dette notatet vart det presentert ein modell der det vart nytta 20 mill. kr som ferjeavløysingsbeløp. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i brev datert 4.05.2018 (vedlagt) kome med overslag på kva Atløysambandet kan utløyse i årlege ferjeavløysingsmidlar ut frå gjeldande kostnadsnøklar i inntektssystemet. Dette beløpet er rekna til 27,8 mill. kr årleg.

Fylkesrådmannen vil i dette notatet:

- gi ei oppdatering av reknemodellen som vart presentert i førre notat ut frå nye føresetnader for ferjeavløysingsbeløpet.
- gi ei oppdatering for vidare prosess for ferjeavløysingsprosjektet.

### Oppdatering av reknemodellen med nye tal

Det er ikkje gjort endringar i renteføresetnader og føresett prosjektkostnad. Det er også føresett at avdragstid på lån vert sett lik tal år med utbetaling av ferjeavløysingsmidlar.

Auken i ferjeavløysingsbeløpet frå 20 mill. kr til 27,8 mill. kr gjer at tal år med utbetalingar vert redusert frå 29 år til 23 år. Dette fordi samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggekostnadane (dvs. fråtrekk for meirverdiavgift og ev. bompengar). Avdragstid på prosjektlånet vert redusert tilsvarande, dvs. til 23 år.

Statens vegvesen opplyser at trafikkinntektene frå ferjesambandet Askvoll-Gjervik er om lag 4,2 mill. kr årleg og at fylkeskommunen sine kostnader (utgifter minus billettinntekter) til drift av sambandet ligg i området 17,5-20,5 mill. kr. Dette vil variere noko frå år til år ut frå forhold i kontrakt (klassing mv).

Det er førebels ikkje vurdert å rekne inn bompengar i finansieringa. Då bompengar skal trekkjast ut frå berekningsgrunnlaget for ferjeavløysing, vil det vere lite å hente på nytte bompengar til finansiering. Innkrevjing av ev. bompengar har også ei kostnadsside knytt til drift av bomstasjonar.

Auken i ferjeavløysingsbeløpet gjev moglegheit til høgare årlege avdrag og såleis reduserte kapital-kostnader samla sett. Modellen syner at den samla finansieringsutfordringa for Atløysambandet med nye tal for ferjeavløysingsmidlar vert redusert frå 460 mill. kr til 370 mill. kr.

Finansieringsutfordringa dei første 10 åra er 233 mill. kr. Dette er omlag likt for begge modellane.

Under er det gitt ein nærmare oversikt over berekningsmodellen.

**Atløysambandet – oppdatert etter anslag for ferjeavløysingsmidlar frå KMD mai 2018**

Føresetnader:

Prosjektkostnad i mill. 2018-kr	1045
Avviksfond 10 pst.	104
Ferjeavløysingsmidlar pr. år i 23 år	27,8
Avdragstid på lån	23
Rente på lån	2,44 % pr. år 1-10 4,44 % pr. år 11-23


Finansieringsplan i faste 2018-kr første 10 år:

Utgifter/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Investeringskostnad	209	418	418							
Avviksfond (10 pst.)			104							
Kapitalkostnad (rente+avdrag)	2	15	38	60	57	55	53	51	49	47
<b>Sum</b>	<b>211</b>	<b>433</b>	<b>560</b>	<b>60</b>	<b>57</b>	<b>55</b>	<b>53</b>	<b>51</b>	<b>49</b>	<b>47</b>

Finansiering/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Ferjeavløysingsmidlar				28	28	28	28	28	28	28
Mva. refusjon	40	79	99							
Lån	169	339	423							
Driftsmidlar	2	15	38	32	30	27	25	23	21	19
<b>Sum</b>	<b>211</b>	<b>433</b>	<b>560</b>	<b>60</b>	<b>57</b>	<b>55</b>	<b>53</b>	<b>51</b>	<b>49</b>	<b>47</b>

**Sum driftsmidlar første 10 - år 233****Sum driftsmidlar i ferjeavløysingsperioden 370**

Årleg finansieringsutfordring i ferjeavløysingsperioden:



**Vidare prosess for Atløysambandet**

KMD har stadfesta at prosjektet er førehandsgodkjent som ferjeavløysingsprosjekt. Før det kan sendast endeleg søknad om ferjeavløysing, må det føreligge godkjent reguleringsplan med eit kostnadsoverslag på +/- 10 pst.

I FT-sak 8/18 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019 – 2021 gjorde Fylkestinget vedtak om at arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet vert starta opp i 2019 med fullføring innan 2021.

Fylkeskommunen har i brev datert 23.04.2018 informert Askvoll kommune om at retningslinjene for forskottering opnar for at kommunen kan søkje om å forskottere midlar til planlegging av prosjektet.

For prosjekt med kostnadsramme over 750 mill. kr må det i følgje retningslinjene for ferjeavløysing gjennomførast ei ekstern kvalitetssikring av kostnadsoverslaget og styringsunderlag.

Endeleg søknad om ferjeavløysing for Atløysambandet kan tidlegast vurderast når reguleringsplan for prosjektet er godkjent og ekstern kvalitetssikring er gjennomført.